Findus Lue



Ei leiken og stripete lue inspirert av katten Findus i Sven Nordqvist sitt unike bokunivers. Oppskrifta er utvikla i samband med Teater Vestland si framsyning *Gubben og Katten og Nissemaskina*. Lua blir strikka med vrangbord før ein held fram med striper i glattstrikk på rundpinne. Ho blir avslutta med maskesting når ho er lang nok, så det er inga felling i sjølve lua. Lua har eit leikent uttrykk som passar både små og store Findus-fans. Oppskrifta inneheld òg ei miniatyrlue som kan syast på til slutt, inspirert av topplua til Findus. På bildet: Lua til venstre er for nybegynnarar, dei to andre er for lett øvde strikkarar.

Oppskrifta inneheld to variantar:

- Nybegynnarversjonen: Ei enkel, stripete lue, perfekt for deg som vil strikke di første lue.
- For den lett øvde strikkaren: Ei meir formstrikka lue med vendepinnar i vrangborda og vendepinnar til slutt for å heve øyra.

Begge variantane finst i storleikar frå baby på 6 månader til vaksen. Vel den versjonen som passar ferdigheitsnivået ditt, vel stripemønster og følg måla for den aktuelle storleiken.

© Oppskrift av Knittingtraditions i sammarbeid med Teater Vestland, 2026

Storleikar

Alder: 6 månader–1 år (1–2 år) 2–4 år (4–6 år) 6–8 år (tenåring) dame (herre).
Svarar til hovudomkrins: 44–47 cm (46–49 cm) 49–51 cm (51–53 cm) 52–55 cm (54–57 cm) 56–58 cm (58–61 cm).

Ferdige mål på lua

Omkrins: 38 cm (41 cm) 43,5 cm (45,5 cm) 47 cm (49 cm) 51 cm (53 cm).
Lengd, nybegynnarversjonen: 15 cm (18 cm) 19 cm (20 cm) 21 cm (22 cm) 22 cm (23 cm).
Lengd framme/bak, versjonen for lett øvde: 14/16 cm (17/19 cm) 18/20 cm (19/21 cm) 20/22 cm (21/23 cm) 21/23 cm (22/24 cm).

Lengda blir målt frå oppleggskanten til toppen av lua. På versjonen for lett øvde blir lengda målt kvar for seg framme og bak, sidan vendepinnane gjev lua ulik lengd på dei to sidene. Lua må ha noko negativ rørslevidd for å sitje godt.

Strikkefastleik

22 masker og 32 pinnar = 10 × 10 cm på pinne 4 mm. Målt i glattstrikk etter vask og tørking.

Garnforslag

Enkel tråd - Double Sunday frå Sandnes Garn (108 m – 50 g), Mitu frå Rauma (100 m – 50 g), Karisma frå Drops (100 m – 50 g), Heavy Merino frå Knitting for Olive (125 m – 50 g).

2 tråder haldne saman - Sunday frå Sandnes Garn (235 m – 500 g), Lun Merino frå Rauma (120 m – 25 g).

Botnfarge: 50 g lys/hvit,
Kontrastfargar: 50 g lysebrun/oransje og 50 g mørkebrun til sjølve lua.
Om lag 50 g grønt garn til topplua til Findus.

I versjonen som er vist i oppskrifta, er det brukt Double Sunday i fargane 2475 (cognac), 1012 (whipped cream) og 9564 (matcha), og Sunday halden dobbel i fargen 3591 (chocolate plum).

Utstyr

- Pinnar: Rundpinne 3,5 mm, 40 cm. Rundpinne 4 mm, 40 cm til lua med striper og 80 cm til den grøne miniatyrlua til Findus. Alternativt kan sjølve lua strikkast med magic loop. Då kan ein sløyfe pinne 4 mm, 50 cm, men dette er noko meir omstendeleg.
- Stoppenål.
- Saks.
- To ulike maskemarkørar. Du kan òg bruke to lykkjer av restegarn i ein annan farge.

© Oppskrift av Knittingtraditions i sammarbeid med Teater Vestland, 2026

Spesielle Teknikkar

Gamalt norsk oppslag

Rettmasker

Vrangmasker

Vendepinnar (GSR)

Korleis skifte farge

Kitchener stitch/Maskesting

Magic Loop

2 rette saman

Terminologi

GSR: Tyske vendepinnar (German short rows) = dobbelmaske

m: maske(r)

p: pinne/pinnar

omg: omgang

r: rett

vr: vrang

MM: maskemarkør

OB: byrjinga av omgangen

OB-markør: markør for byrjinga av omgangen

SM: sidemarkør

RS: rettside

VS: vrangside

Glattstrikk: Maskene blir strikka rett på rettsida og vrangt på vrangsida når GSR-teknikken blir brukt.

© Oppskrift av Knittingtraditions i sammarbeid med Teater Vestland, 2026

Oppskrift

Følg instruksjonane for versjonen du ønskjer å strikke.

Legg opp 84 (90) 96 (100) 104 (108) 112 (116) masker med botnfargen på rundpinne 3,5 mm med gammalnorsk opplegg eller ein annan elastisk oppleggsmetode. Set ein omgangsmarkør (OB-markør) ved byrjinga av omgangen. Strikk vrangbord med 1 rett, 1 vrang rundt. Set samstundes ein sidemarkør (SM) etter 42 (45) 48 (50) 52 (54) 56 (58) masker. Strikk totalt 8 omgangar vrangbord.

Nybegynnarversjonen: Strikk éin omgang rett med botnfargen, og gå så vidare til «Stripemønster».

For lett øvde: Vendepinnar i vrangborda

Etter 8 omgangar vrangbord strikkar du vendepinnar med GSR.

Pinne 1 (RS): Strikk 4 masker forbi sidemarkøren i etablert vrangbord. Snu arbeidet og lag ei dobbelmaske.
Pinne 2 (VS): Strikk vrangbord tilbake, forbi SM og OB-markøren, og hald fram 4 masker forbi OB. Snu og lag ei dobbelmaske.
Pinne 3 (RS): Strikk tilbake i vrangbord til 2 masker før SM. Snu og lag ei dobbelmaske.
Pinne 4 (VS): Strikk tilbake til 2 masker før OB. Snu og lag ei dobbelmaske.
Pinne 5 (RS): Strikk tilbake til 4 masker før den siste dobbelmaska. Snu og lag ei dobbelmaske.
Pinne 6 (VS): Strikk tilbake til 4 masker før den siste dobbelmaska. Snu og lag ei dobbelmaske

Du har no snudd totalt 3 gonger på kvar side, og vrangborda bak er om lag 2 cm lengre enn vrangborda framme. Strikk deretter éin omgang rett med botnfargen. Strikk kvar dobbelmaske som éi maske når du kjem til henne. Når du når OB, flyttar du markøren og strikkar vidare i glattstrikk med botnfargen til du har strikka forbi alle dobbelmaskene. Strikk éi maske til, og klipp av garnet med lang nok ende til å feste tråden til slutt. Flytt maskene på høgre pinne tilbake til venstre pinne fram til OB.

Stripemønster

Flytt omgangsmarkøren og éi maske over på venstre pinne. Start stripemønsteret. Vel eitt av diagramma under. Når du har strikka éi maske forbi OB-markøren, byter du til pinne 4 mm. Strikk vidare i stripemønster til ønskt lengd, eller til arbeidet måler:

Nybegynnarversjonen: 15 cm (18 cm) 19 cm (20 cm) 21 cm (22 cm) 22 cm (23 cm).

Versjonen for lett øvde, lengd framme/bak: 15/16 cm (17/19 cm) 18/20 cm (19/21 cm) 20/22 cm (21/23 cm) 21/23 cm (22/24 cm).

Tips: Sjå teknikkvideoen over for hjelp til å få finare overgangar mellom stripene.

© Oppskrift av Knittingtraditions i sammarbeid med Teater Vestland, 2026

Diagram




Diagramma er forslag til striper. Vel eit du likar, eller lag ditt eige stripemønster. Les nedanfrå og opp.
For nybegynnarversjonen går du vidare til «Maskesaum».

For lett øvde: Forming av øyre

For å få meir framståande øyre formar du dei med vendepinnar på kvar side av SM og OB-markøren.

Strikk 15 (16) 17 (18) 18 (19) 20 (21) masker forbi SM. Snu arbeidet og lag ei dobbelmaske. Strikk vrangt tilbake til sidemarkøren, og hald fram med å strikke 15 (16) 17 (18) 18 (19) 20 (21) masker vrangt. Snu og lag ei dobbelmaske. Hald fram att og fram med vendepinnar i glattstrikk. Ved kvar vending snur du 2 masker før den førre dobbelmaska. Gjenta til du har laga 5 (5) 5 (6) 6 (6) 6 (7) vendepunkt på kvar side av SM. Strikk vidare til OB, samstundes som du strikkar dobbelmaskene du passerer, som éi maske. Gjenta den same forminga ved OB-markøren for å forme det andre øyret.

Når øyra er ferdig forma, strikkar du éin omgang rett. Strikk dobbelmaskene som éi maske.

© Oppskrift av Knittingtraditions i sammarbeid med Teater Vestland, 2026

Maskesaum

Legg pinnane inntil kvarandre slik at begge peikar mot høgre ved OB. Mål opp nok garn til å nå tre gonger rundt lua før du klipper det av. Sy saman med ei stoppenål med maskesting (Kitchener stitch). Fest alle lause trådar på vrangsida, vask og tørk flatt.

Topplua til Findus

Bruk dobbelt garn av det same garnet som du har brukt i lua, det vil seie 2 trådar Double Sunday eller 4 trådar Sunday. Strikk på rundpinne 4 mm, 80 cm med magic loop.

Legg opp 24 (30) 30 (30) 36 (36) 42 (42) m med ekstra Lua til venstre er nybegynner str lang garnende, slik at du kan sy topplua på lua til slutt. Fordel maskene jamt på dei to delane av rundpinnen: 12 (15) 15 (15) 18 (18) 21 (21) m på kvar del. Set ein OB-markør om du synest det hjelper.
Strikk 4 omgangar rundt i glattstrikk.
Felleomgang: Strikk 4 r, 2 r saman ut omgangen.
Strikk 3 omgangar rundt i glattstrikk.
Felleomgang: Strikk 3 r, 2 r saman ut omgangen.
Strikk 2 omgangar rundt i glattstrikk.
Felleomgang: Strikk 2 r, 2 r saman ut omgangen.
Strikk 1 omgang rundt i glattstrikk.
Felleomgang: Strikk 1 r, 2 r saman ut omgangen.
Felleomgang: Strikk 2 r saman ut omgangen.

Klipp av tråden, men la det vere att ein ende på om lag 15 cm. Klipp til ein ny dobbel tråd i same farge på om lag 30 cm. Tre denne halvvegs gjennom toppen av topplua, flett dei tre endane saman og lag ein knute når fletta er om lag 3 cm lang, eller har ønskt lengd. Klipp endane jamne.

Sy på topplua slik at ho blir festa frå midtpunktet øvst på lua, mellom øyra, og fram mot andletet. Om du ønskjer at topplua skal vere fastare, kan du fylle henne med garnrestar eller fyllvatt før du syr henne heilt fast.

© Oppskrift av Knittingtraditions i sammarbeid med Teater Vestland, 2026



© Oppskrift av Knittingtraditions i sammarbeid med Teater Vestland, 2026